



SUNNFJORD
UTVIKLING

Strategisk Næringsplan for Sunnfjord

Perioden 2019-2022

Innhald

Samandrag

1. **Om strategisk næringsplan**
 - 1.1 Føremål
 - 1.2 Utvikling og gjennomføring
2. **Om planarbeidet**
 - 2.1 Organisering, innspel og forankring
3. **Utviklingstrekk for Sunnfjord**
 - 3.1 Utviklingsanalyse - hovudkonklusjon
 - 3.2 Utvikling i folketal
 - 3.3 Alderssamansetjing, framskriving
 - 3.4 Utvikling i sysselsetting
 - 3.5 Oppsummering
4. **Mål og prioriterte satsingsområder**
5. **Satsingsområde og strategiar 2019-2022**
 - 5.1 Næringsoffensiv kommune
 - 5.2 Attraktiv kommune
 - 5.3 Utdanning og kompetanse
 - 5.4 Helse og innovasjon
 - 5.5 Naturressursar
 - 5.6 Reiseliv
6. **Vedlegg**
 - 6.1 Handlingsplan



Samandrag

Den nye strategiske næringsplanen er utvikla gjennom brei forankring og mange personlege intervju med aktørar i etablert næringsliv, offentlig og privat. Overordna mål for kommande fireårs periode er å vidareutvikle ein sterk vekstregion i nye Vestland fylke med Sunnfjord kommune som motor. For å nå målet er det avgjerande at vi samarbeider og dreg i same retning. Handlingsplanen beskriv konkret kva vi skal jobbe med. Sunnfjord Utvikling vil ta ansvar for følgje opp denne, men tiltaka må utførast i samarbeid med mange aktørar. Sunnfjord kommune, næringsforum, fylkeskommunen, næringslivet, Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen med fleire er relevante samarbeidspartnarar.

Framskrivning av folketal, alderssamansetting og andre statistikkar viser at det vil krevje ein målretta innsats for å oppnå vekst. Tilgang på arbeidskraft vil bli den største utfordringa. Skal vi lukkast med denne utfordringa må Sunnfjord kommune bli meir attraktiv for tilflytting. Vi må også vidareutvikle utdanningstilboda våre.

På same tid må vi skape fleire arbeidsplassar. Planen skildrar korleis Sunnfjord kommune kan vere offensiv i næringsarbeidet.

Sentralsjukehuset har vore og er heilt vesentleg for ei positiv utvikling i Sunnfjord. Helse Førde sin posisjon som sentralsjukehus må styrkast i framtida. Dei nyleg godkjente planane for utbygging og modernisering av sjukehuset legg gode føresetnader for dette. Det er og ei målsetjing å leggje til rette for auka innovasjon og fleire arbeidsplassar i, og med utspring frå, sjukehusmiljøet i Førde.

Sunnfjord kommune er rik på naturressursar. Mineralprosjektet på Engebø i Naustdal er det enkeltprosjektet som kan tilføre vår region flest nye arbeidsplassar på kort tid. Det er viktig at dette arbeidet skjer på ein berekraftig måte med fokus på lokal verdiskaping.

Sunnfjord er den største landbrukskommunen i areal i nye Vestland fylke. Denne posisjonen må styrkast og utviklast for å sikre landbruket og den sterke næringsmiddelindustrien vi har i vår region.

Energibransjen står sterkt i Sunnfjord, og fleire nye IT-selskap har sitt utspring frå denne bransjen. Disse ynskjer å jobbe i klynger for å utvikle eksisterande bedrifter og skape nye selskap og arbeidsplassar. Det er ei prioritert oppgave å leggje til rette for fleire slike klynger.

Reiselivet er peika på som eit viktig satsingsområde fordi potensialet for auka vekst er stort i Sunnfjord. Ei satsing på reiselivet vil synleggjere dei kvalitetane vi har gjennom ein rik kulturarv, eit aktivt kulturliv og eit mangfaldig natur- og friluftsliv.



Rolf Sanne-Gundersen
14 timar · 🌐

Rett og slett veldig stas 😊
Bloomberg meiner Sunnfjord og Åmot er ein plass å besøke i den store verda i 2019. Fleire spennande og kjente destinasjonar på lista til Bloomberg, ein nettstad som har over 23 millionar unike besøkande online kvar måned.
Og snart reiser Steinar Sørli, Yngve Brakstad Leknes, dyktige The Travel Designer m/fleire til USA på nye marknadsføringstokt 🇺🇸



BLOOMBERG.COM
The 21 Best Travel Destinations for 2019
You've got the vacation days. Here's how to use them.

74 14 kommentarar · Delt 10 gonger

Lik dette · Kommenter · Del

Yngve Brakstad Leknes Kjekt av vi sammen med vår agent The travel Designer Christine Cecilie Gaffney klarer å nå ut i verden 🍷🍷🍷

Lik dette · Svar · 13 t

Yngve Brakstad Leknes har svart · 4 svar

Georg Arnestad Heia Sunnfjord!

Lik dette · Svar · 13 t



Nordic Mining ASA - Engebø Rutil- og Granatprosjekt
6 timar · 🌐

I dag pågår det en workshop i Førde der temaet er hvordan det lokale næringslivet i Sunnfjord kan forberede seg på prosjektet vi utvikler i Engebøfjellet. Det fokuseres på hvordan de dyktige, men ofte mindre, bedriftene i området kan samarbeide for å bli viktige, langvarige bidragsyttere til vårt prosjekt! Tusen takk til Maritim Forening Sogn og Fjordane og Sunnfjord Utvikling as for å ha invitert mange interessante og relevante bedrifter.



Harald Kvame og 34 andre · 3 delingar

1. Om strategisk næringsplan

1.1 Føremål

Strategisk næringsplan for Sunnfjord 2019-2022 skal vere retningsgjevande for næringsutviklingsarbeidet i kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal. Planen skal gje ei tydeleg strategisk retning.

Frå 01.01.20 vert desse fire kommunane slått saman til Sunnfjord kommune. Vi har derfor valt å bruke Sunnfjord kommune som aktør når vi definerer mål og satsingsområder framover.



Ein kommune har ulike roller. Strategisk næringsplan er ei konkretisering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar og næringsaktør. Planen skal legge grunnlag for ei målretta og bærekraftig utvikling som både direkte og indirekte bidreg til å auke folketalet og sysselsettinga i kommunen.

Kommunen er avhengige av eit godt samspel med innbyggjarane og næringslivet. Skal ein få auka vekst må offentleg og privat sektor jobbe saman. Som kommune må ein vere med å fjerne hindringar og strekke seg langt for å vere på tilbodssida. Berre slik kan ein skape vekst og innovasjon.

Plandokumentet inneheld ein strategisk del og ein handlingsdel. Den strategiske delen omhandlar no-situasjonen, utviklingstrekk, mål og strategival.

Handlingsplanen inneheld prioriterte tiltak for utvikling som skal gjennomførast i fireårs perioden. Planen vil bli følgt opp med årleg prioritering av tiltak, ansvarsfordeling og budsjettbehandling. Den vil og bli evaluert og revidert årleg (i desember) av styret i Sunnfjord Utvikling AS. Handlingsplanen kan justerast dersom nye behov oppstår.

Denne planen erstattar tidlegare versjon av strategisk næringsplan for Sunnfjord for 2014-2017.



1. Om strategisk næringsplan

1.2 Utvikling og gjennomføring

Om Sunnfjord Utvikling AS

Sunnfjord Utvikling AS er nærings- og tiltaksapparatet til kommunane og næringslivet i Førde, Gaular, Jølster og Naustdal. Selskapet yter førstelinje-tenester til nye etablerarar og eksisterande næringsliv, og er reiselivet sitt destinasjonsselskap.

Selskapet er organisert som eit aksjeselskap. Det er eigd av dei fire kommunane og av næringslivet i området. Styret er samansett av ein representant frå kvar av dei fire kommunane, samt tre representantar frå næringslivet. Selskapet har 5 årsverk og vert hovudsakleg finansiert gjennom tilskot frå dei fire kommunane.

Sunnfjord Utvikling har ansvar for utvikling og gjennomføring av strategisk næringsplan. I handlingsplanen kjem det fram kva oppgåver som ligg til Sunnfjord Utvikling og kva som ligg til Sunnfjord kommune og til andre aktørar.

Slik arbeider vi

I den strategiske næringsplanen er attraktivitet vektlagt som ei målsetting og eit overordna satsingsområde. Attraktivitet er samansett av mange element. Det er fleire uavhengige satsingsområder som kan bidra til auka attraktiviteten til ein stad. Attraktivitetspyramiden til Telemarksforsking tek utgangspunkt i at ein stad kan vere attraktiv på fleire måtar, for busetting, for bedrifter og for besøkande. Klarer regionen å få til ei positiv utvikling knytt til desse sentrale dimensjonane, vil regionen totalt sett få ei positiv samfunnsutvikling.

Sunnfjord Utvikling arbeider for å auke vår attraktivitet som bustadregion, arbeidsregion og besøksregion gjennom næringsplanen:

Attraktivitet som bustadregion


- Det skal bli meir attraktivt å busetje seg i Sunnfjord. Vekst i arbeidsplassar skal resultere i auka tilflytting og folketalsvekst.

Attraktivitet som arbeidsregion

- Sunnfjord sine naturlege føremon som lokaliseringsstad for bedrifter, eksisterande og nye, skal utviklast og forbedrast. Nye arbeidsplassar er viktig for å auke tilflyttinga og folketallet.

Attraktivitet som besøksregion

- Sunnfjord skal utvikle seg som besøksstad. Tiltak og arrangement som aukar tal besøkande og som gjer det meir attraktivt å bu i Sunnfjord skal vere i fokus. Ein strategi for utvikling av reiselivet, handel og kultur/arrangement er ein føresetnad for vekst som besøksregion.



Attraktivitetspyramiden
Kjelde: Telemarksforsking

«Omdømmebygging er viktig. Vi er for «smålatne» i Sunnfjord.»

Frå ein av dei intervjuarane

2. Om planarbeidet

2.1 Organisering, innspel og forankring

Organisering

- Kommunane er eigar av planen og ordførarane utgjer styringsgruppa.
- Sunnfjord Utvikling har hatt ansvar for prosessen og utarbeidinga av planen, med rådmennene som ein del av prosjektgruppa.
- Leiarar frå næringslivet, offentlege verksemdar og utdanning, samt næringslivsorganisasjonane og kommunestyra har fungert som ressursgruppe.
- Arbeidet er delfinansiert av midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt Byregionprogram. Dette er ei satsing som skal auke kunnskapen om samspelet mellom by og omland som drivar for den regionale vekstkrafta. Sunnfjord Utvikling er prosjektleiar for «Sunnfjordbyen», som er dei fire kommunane sitt prosjekt i Byregionprogrammet.

Innspel og forankring

- Rulleringa av planen frå 2017 har vore gjennomført som ein grundig prosess med stor vekt på involvering av næringslivet (privat og offentleg), kommunane (politisk og administrativt), samt kunnskapsinstitusjonar, regionale utviklingsaktørar og virkemiddelapparat. Det vart gjennomført arbeidsmøter med kommunestyra i dei fire kommunane allereie hausten 2016. Hovudtyngda av arbeidet har vore gjennomført i perioden juni 2017 til oktober 2018
- Som oppstart og kick-off vart det 7. juni 2017 arrangert ein næringskveld i Førde som samla rundt 100 deltakarar frå privat og offentleg verksemd. Foredrag om vekst og utvikling samt ein debatt for å få innspel til planen stod på programmet. Konserndirektør Ragnhild Janbu Fresvik i Sparebanken Vest snakka om «Korleis lykkast i ei brytningstid», og direktør Terje Bjerkan i PwC snakka om «Erfaring med vekstbedrifter i Sogn og Fjordane».
- Hausten 2017 gjennomførte dagleg leiar i Sunnfjord Utvikling og prosjektleiar over 30 personlege intervju med sentrale leiarar frå ulike selskap i ulike bransjar, offentlege og private.
- Rådgjevingselskapet BDO har utarbeidd ei utviklingsanalyse av samfunnet og næringslivet i Sunnfjord frå 2008 og fram til 2017. Diverse statistikkar om samfunn og næringsliv er henta frå Statistisk Sentralbyrå, Fylkesspegelen, NAV og ulike andre kjelder. Eit utval av kommunale og regionale rapportar er også brukt som faktagrunnlag.
- Utkast til strategisk næringsplan vart behandla i styret til Sunnfjord Utvikling i desember 2018. Den har vore på høyring i dei fire kommunane i perioden januar – mars 2019. Behandling i Fellesnemnd, i fire formannskap og fire kommunestyrer i februar-april 2019.



Frå næringskvelden på Scandic Sunnfjord Hotell

3 TYDELIGE UTFORDRINGER

1. Tenker ikke stort nok
2. Ikke nok fokus på å kommersialisere
3. Ikke nok tilgang på risikovillig og kompetent kapital

→ Hva gjør VI med disse utfordringene?

SparebankenVest

3. Utviklingstrekk for Sunnfjord

3.1 Utviklingsanalyse - hovudkonklusjon

Utviklingsanalysen for Sunnfjord gjev oss eit faktagrunnlag for kvar vi står i dag og kva moglegheiter vi ser framover. Analysen er basert på utviklingstrekk i samfunnet generelt og næringslivet spesielt. Nokre sentrale utviklingstrekk vil bli kommentert i dette kapitlet. Hovudkonklusjonen er:

Den demografiske utviklinga er ei utfordring. Folketalsveksten er minkande, det blir færre unge og vi står framfor ei eldrebølge.

Næringslivet har potensiale for vekst, men vår største utfordring er tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse.

I Telemarksforskning sin analyse frå 2015, «Reisen til Sunnfjordbyen – Attraktivitetsanalysen», har dei fastslått følgjande (Florø er inkludert i denne analysen);

«Sunnfjord ligger godt an til å få vekst i befolkning og arbeidsplasser dersom regionen klarer å gjøre noe med sine lave bostedsattraktivitet. Dersom Sunnfjords lave bostedsattraktivitet i stedet fortsetter, vil regionen miste arbeidsplasser.»

Menon Economics har i sin rapport frå 2016, «Drivkrefter for vekst i små og mellomstore byregioner» følgjande oppsummering:

«Arbeidsmarkedet i regionen er i liten grad konjunkturutsatt, med sykehuset som største arbeidsgiver og varehandel som næring med flest sysselsatte. De seinere årene har imidlertid den betydelige veksten på 90- og 2000-tallet avtatt, og uten en ny betydelig vekstimpuls risikerer regionen å stagnere i tiden fremover. Den mest realistiske vekstimpulsen for Førderregionen antas å være oppstart av gruvedrift av det titanholdige materialet rutil i Engebøfjellet i Naustdal. Dette er imidlertid svært omstridt da det legges opp til fjorddeponi i Førdefjorden som kan skade det rike marine liv i fjorden, og motstanden er betydelig.»

Dette er bakgrunnen for at næringsplanen vil fokusere på utfordringane knytt til attraktivitet, utdanningstilbod og rekruttering av arbeidskraft, i tillegg til fleire arbeidsplassar.

Det er godt å bu og jobbe i Sunnfjord. Dette må vi synleggjere og marknadsføre slik at fleire får lyst til å flytte hit.

«Å bygge merkevare er viktig for rekruttering. Sunnfjord som merkevare treng meir merksemd frå andre i landet, så vi må jobbe med bu og jobb attraktivitet slik som Sogndal er i gang med, der unge og talentfulle får lyst å flytte tilbake. Førde skal merke seg ut som ein av dei attraktive plassane utanfor storbyane!»


Frå ein gründer i Førde

3. Utviklingstrekk for Sunnfjord

3.2 Utvikling i folketal



Nye Sunnfjord kommune har i dag (01.01.18) nærare 22.000 innbyggjarar, og vert den største kommunen i Sogn og Fjordane og den 6. største i nye Vestlandet fylke (2020).

Sidan 2008 har folketalet i Sunnfjord auka med 9% som utgjør 1.760 innbyggjarar. I Norge har veksten vore på 11,8 % i same periode. Veksten var sterkast i 2012, som skuldast høg netto innvandring. Sidan 2013 har veksten vore mindre og flata ut. Hovudsakleg som følge av ei auka netto utflytting og minkande fødselsoverskot, men og ei minkande netto innvandring.



Ser vi framover til 2040 viser framskrivinga til SSB at folketalet vil auke med 1.434 innbyggjarar, til 23.397 innbyggjarar i 2040 (middels vekst). Dette er ein vekst på 6,5% som er svakare enn det regionen har hatt dei siste 10 åra. Veksten kjem i Førde, og i Gaular. I Jølster og Naustdal er det forventet ein nedgang i folketalet. Framskrivinga på landsbasis viser same trend, at folkeveksten vil halde fram men på eit lågare nivå enn i det siste tiåret. Minkande innvandring og fruktbarheit i Norge vil få fylgjer for folketalet alle stadar.

Det bur totalt 21.963 personar i Naustdal, Jølster, Førde og Gaular og regionen har totalt 12.095 arbeidsplassar. Samla areal for dei fire kommunane er 2.209 km². (Alle tal per 01.01.2018)



3. Utviklingstrekk for Sunnfjord

3.3 Alderssamansetjing, framskriving



Innbyggjarane i Norge blir stadig eldre. Utviklingstrekkka i Sunnfjord er som elles i landet, ei aldrande befolkning som påverkar folketalet negativt og vil auke behovet for ny arbeidskraft.

Sunnfjord har ei ung befolkning, meir enn halvparten av innbyggjarane er under 45 år. Dette samsvarar med aldersfordelinga i Norge. Den høge andelen unge i dag vil dra alderen opp når vi ser på aldersfordelinga fram mot 2040.

Stadig lågare fødselsoverskot gjer at det vert betydeleg færre unge i alderen 0-24 år fram mot 2040, ein nedgang på rundt 1.500. Andelen eldre aukar samstundes kraftig, spesielt dei over 80 år som aukar med 134%. Innbyggjarar over 70 år vil auke med rundt 2.000 personar. Desse utviklingstrekkka påverkar arbeidskraftbehovet negativt, det vert betydeleg færre tilgjengelege arbeidstakarar i 2040 samanlikna med i dag.

Rekruttering vert avgjerande for vidare vekst. Vi må få fleire til å ville flytte til Sunnfjord.

Utviklinga i fylket er den same som for Sunnfjord, men samla i fylket er ikkje nedgangen i tal unge fram mot 2040 så sterk som trendane i Sunnfjord. Men det er urovekkande at det i 2026 vil vere fleire som er 65 år og eldre enn dei som er 0-19 år.



3. Utviklingstrekk for Sunnfjord

3.4 Utvikling i sysselsetting

Sunnfjord kommune har over 12.000 arbeidsplassar der hovudtyngda er lokaliserte i Førde. Mange pendlar mellom dei fire kommunane og den nye kommunen har lenge fungert som eit integrert bu- og arbeidsområde.


Offentleg sektor er den største næringa i Sunnfjord med 43% sysselsetting, men flest arbeidsplassar er det i privat næringsliv (6.905). Førde kommune scorar høgt på næringslivsindeksen over næringsliv i høve folketal, dette betyr at kommunen har mange private arbeidsplassar. Handel, bygg og anlegg og kompetanse/anna tenesteyting (hovudsakleg finans, teknisk, juridisk og IT) har flest sysselsette i privat næringsliv.

Det har vore ein sterk vekst i bygg og anlegg og i tenesteytande næringer. Sunnfjord har mange dyktige selskap innan bygg og anlegg. Dette er ein av fleire bransjar som er avhengige av at næringslivet, kommunane og privathushaldet går bra. Leiaren i eitt av dei store byggselskapa sa det slik:

«Byggebransjen materialiserer verdiar som vert skapte, og er eit spegelbilette av kva som skjer elles i samfunnet».

Kompetanse og anna tenesteyting er i ferd med å bli like stor som handelsnæringa i Sunnfjord. Dette er ei vekstnæring nasjonalt, og er det er grunn til å tru at tenesteyting vil vekse vidare i Sunnfjord.

Førde er det største handelssenteret mellom Ålesund og Bergen, og er kjent for å ha høg handel per innbyggjar. Likevel har det vore størst nedgang i talet sysselsette i handel og landbruk siste 10 åra. Begge desse næringane er inne i ei tid med store endringar i forbruket og handelsmønsteret som kan forsterke utviklinga.



Type næring	2008		2016		2017		Endring 2008-2017	Endring 2008-2017 i %	Endring 2016-2017	Endring 2016-2017 i %
Offentleg sektor	4 578	40 %	5 184	43 %	5 190	43 %	612	13 %	6	0 %
Handel	2 060	18 %	1 772	15 %	1 781	15 %	-279	-14 %	9	1 %
Bygg og anlegg	973	8 %	1 176	10 %	1 321	11 %	348	36 %	145	12 %
Kompetanse	885	8 %	948	8 %	971	8 %	86	10 %	23	2 %
Transport	673	6 %	666	6 %	670	6 %	-3	0 %	4	1 %
Anna tenesteyting	596	5 %	725	6 %	696	6 %	100	17 %	-29	-4 %
Industri	575	5 %	580	5 %	540	4 %	-35	-6 %	-40	-7 %
Jordbruk/skogbruk	609	5 %	404	3 %	389	3 %	-220	-36 %	-15	-4 %
Reiseliv	328	3 %	334	3 %	365	3 %	37	11 %	31	9 %
Anna	158	1 %	156	1 %	148	1 %	-10	-6 %	-8	-5 %
Fiske	16	0 %	26	0 %	24	0 %	8	50 %	-2	-8 %
Totalt	11 451	100 %	11 971	100 %	12 095	100 %	644	6 %	124	1 %

3. Utviklingstrekk for Sunnfjord

3.5 Oppsummering

STYRKAR

Sysselsetting

- Variert og mangfaldig næringsstruktur
- Mange arbeidsplassar i høve til folketal
- Stor del private arbeidsplassar
- Store offentlege verksemdar som Helse Førde, Lotteri- og Stiftelsestilsyn, Norec m.fl.
- Låg arbeidsløyse
- Lite konjunkturuttsett næringsliv

Næringsutvikling

- Rike på naturressursar
- Utvikling av ein leverandørindustri til mineralnæringa, lokalt og nasjonalt
- Reiseliv har potensiale for auka sysselsetting
- Fleire spin-off etableringar frå Helse Førde og energibransjen

Infrastruktur

- Sunnfjord Næringspark med opparbeidd infrastruktur
- Positiv utvikling for Førde Lufthamn
- Kort avstand til 3 av flyplassane i fylket
- Utbygging av E39 i Jølster, Gaular og Førde, samt RV5
- Førdepakken

Utdanning og kompetansemiljø

- Tilbod innan høgare utdanning (Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen)
- Planlagt campusutvikling i Førde innan teknologifag
- Mange innbyggjarar med høgare utdanning
- Sterke og veksande kompetansemiljø innan teknologi, helse, finans

Handel og service

- Variert og breitt tilbod innan handel og service
- Handel er næringa i privat sektor som sysselset flest

Kommune

- Samanslåing til ny kommune er i rute
- Ny kommune er allereie ein godt integrert bu- og arbeidsregion
- Sentral plassering i fylket, og mellom Bergen og Ålesund.
- Gode kommunale tenester (helse, omsorg, barnehage, skule)
- Førde vart den beste kommunen i landet i Kommunebarometeret 2018, og legg eit godt grunnlag for standard inn i ein ny storkommune

Attraksjonar

- Variert og godt tilbod innan natur, kunst og kultur, aktivitetar og arrangement

UTFORDRINGAR

Arbeidskraft

- Tilgang på kvalifisert arbeidskraft

Folketal

- Minkande fødselsoverskot
- Færre unge
- Aldrande befolkning
- Mindre arbeidsinnvandring

Attraktivitet

- Manglande omdømmebygging
- Svak bustadattraktivitet og tilflytting, forutan i Gaular
- For lite urbant og levande bysenter

Utdanning

- Høgskulen si rolle er sårbar, behov for å rekruttere studentar og fagpersonell
- Mangel på læreplassar i næringslivet
- Treng fleire tilbod/linjer innan høgare utdanning
- Tettare samarbeid mellom skulane, næringsliv og offentlig sektor
- Førde har potensial til å bli ein meir attraktiv studentby

Næringsliv

- Manglar næringsklynger
- Auke innovasjon og FoU i næringslivet
- Lite internasjonalt retta næringsliv
- Etableringsfrekvens (nye føretak per 1.000 innb.) ligg ikkje på topp i fylket
- Begrensa tilgang på kapital


Kommune

- Kommunen vert opplevd for lite utviklingsorientert og næringsoffensiv

Samfunnsutvikling

- Regionalisering, sentralisering og endring i maktstruktur – klare å oppretthalde posisjon i ein ny region
- Konkurransen om arbeidskraft, regionalt og nasjonalt
- Sentralisering og spissing av tenestene innan helsesektoren gjer at Helse Førde sin posisjon er utsett
- Endring i handelsmønster (netthandel og storhandel) truar vekst og tal arbeidsplassar

4. Mål og prioriterte satsingsområde



5. Satsingsområder og strategiar 2019-2022

5.1 Næringsoffensiv kommune

Status

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kommunane er å leggje til rette for vekst og utvikling i næringslivet. Det inneber å vere utviklingsorienterte, og møte næringslivet med ei positiv innstilling. Ei ja-haldning.

Arbeidet med strategisk næringsplan har vist at kommunane kan bli betre på dette området gjennom meir effektive og profesjonelle planprosessar, eit betre samarbeid med næringslivet og ved eit sterkare fokus på rolla som samfunnsutviklar

Førde har i dag ei viktig rolle som vertskommune for store offentlege verksemder og utdanningsinstitusjonar, som Helse Førde, Lotteri- og stiftingstilsynet, Norec, NVE, HVL m/fleire. Slike verksemder tilfører mange arbeidsplassar, kompetanse og innbyggjarar til regionen. Det er viktig at kommunen vidareutviklar ei positiv vertskapsrolle for å styrke Førde som lokaliseringsstad for fleire offentlege kompetansesarbeidsplassar.

Rekruttering av arbeidskraft blir ei viktig oppgåve framover. Men det betyr ikkje at kommunen ikkje skal ha fokus på å skape fleire arbeidsplassar. Nyskaping og vekst skjer gjennom utvikling i eksisterande næringsliv, og gjennom gründerar og knopskyting.

Sunnfjord Utvikling (SU) har ei viktig rolle i dette arbeidet som førstelinjeteneste for kommunen mot nye etablerarar og eksisterande næringsliv. Selskapet skal og leggje til rette for samarbeid i næringslivet gjennom møteplassar og nettverk, og dette er særleg viktig i ei tid med store endringar.

Digitaliseringa skjer i alle bransjar og krev kunnskap og vilje til omstilling. I ein kommune med mange små- og mellomstore bedrifter vil klynger, gode nettverk og møteplassar vere effektive verkemiddel for å få til samarbeid, kunnskapsdeling, innovasjon og vekst.


Peak Sunnfjord AS vart etablert i Førde sentrum i 2018. Dette er den første klynga som samlar gründerar og kunnskapsbedrifter på tvers av ulike bransjar under same tak. Å leggje til rette for fleire klynger i Sunnfjord er eit prioritert satsingsområde.

Mål

Sunnfjord skal vere ein næringsoffensiv kommune. Vi skal vere eit naturleg fyrsteval for nyetableringar og vi skal utvikle eksisterande næringar.

Strategiar

- Kommunen skal møte næringslivet med ei JA – haldning
- Utvikle kommunen si rolle som vertskommune for offentlig verksemd slik at Sunnfjord er attraktiv for etablering av nye offentlege etatar
- Sunnfjord Utvikling si rolle som serviceapparat for etablerarar og eksisterande næringsliv skal vidareutviklast
- Sunnfjord Utvikling skal leggje til rette for fleire klynger



5. Satsingsområder og strategiar 2019-2022

5.2 Attraktiv kommune

Status

Interessante arbeidsplassar kombinert med høg bustadattraktivitet er avgjerande for ein region si utvikling. Arbeidsplassveksten har vore god i mange år, men Sunnfjord har scora lågt på bustadattraktivitet. Av kommunane i nye Sunnfjord kommune er det berre Gaular som har positiv bustadattraktivitet. Derfor er det avgjerande for Sunnfjord å betre attraktiviteten for å ha ei positiv utvikling i framtida.

Infrastruktur er også særdeles viktig for folk som bur her, besøkande, turistar og ikkje minst næringslivet. Utbetring av vegane, særleg E39, digital infrastruktur, rutetilbodet på Førde lufthamn og kollektivtilbodet er prioriterte oppgåver i dag, og i framtida.

Førde er med alle sine arbeidsplassar motoren i Sunnfjord kommune. Skal vi lukkast i å få til vekst i heile kommunen er vi avhengig av å utvikle dei urbane kvalitetane i Førde sentrum. Slike kvalitetar er attraktive for tilflyttarar. Samtidig må vi utvikle tettstadane som attraktive buplassar med kort avstand til arbeidsplassane i kommunesenteret.

Førde har på få år utvikla seg til å blir det største handelssenteret i Sogn og Fjordane mellom Bergen og Ålesund. Men arbeidet med å byggje eit urbant sentrum med fortetting, sosiale møtepunkt, gode parkeringsløyser, tilrettelegging for syklande og gåande og andre nødvendige løysingar er i startgropa. Ein ny sentrumsstrategi vart nyleg utarbeidd og vedteken, og den har i seg konkrete tiltak til løysingar på ulike utfordringar.

Sunnfjord er kjent som ein plass med mange arrangement og gode kulturtilbod. Dette bør vidareutviklast slik at vi får fleire besøkande til Sunnfjord.

Handel er ei næring i kraftig endring med nye handelsmønster (både netthandel og storhandel). I handlingsplanen er det sett fokus på tiltak som skal styrke og vidareutvikle Førde som handelssenter på kort og lang sikt.

Naustdal, Gaular og Jølster har kvalitetar som er viktige for å auke attraktiviteten i kommunen. Naustdal med tilgang til fjorden. Gaular med kompakt sentrum i Sande og positiv bustadattraktivitet. Jølster med sin natur, kultur og sentrale geografiske plassering.


Attraktive bustadtomter og lokale infrastrukturtiltak som møteplassar, idrettsanlegg, vegar, gateløys mv. er viktige faktorar for å gjere tettstadane og bygdene meir attraktive for busetting.

Mål

Sunnfjord skal vere ein kommune med urbane og landlege kvalitetar som er attraktiv for tilflytting

Strategiar

- Profilere og styrke omdømmet til Sunnfjord
- Vidareutvikle infrastrukturen som bidreg til at regionen er attraktiv for næringsliv, arbeidskraft, buande og besøkande
- Styrke regionsenterfunksjonane og handel- og servicenæringa sitt tilbod i Førde
- Auke bustadattraktiviteten i heile kommunen, gjennom å
 - vidareutvikle eit sterkt og berekraftig bysenter med urbane kvalitetar.
 - vidareutvikle berekraftige tettstader og bygder



5. Satsingsområder og strategiar 2019-2022

5.3 Utdanning og kompetanse

Status

Tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse er ein kritisk faktor både for næringslivet og offentleg sektor i dag, og i åra framover. Manglande rekruttering kan hemme vekstpotensialet i bedriftene, og gjere det vanskeleg for offentleg tenesteyting å yte god nok kvalitet.

For å møte desse utfordringane må skulane og næringslivet samarbeide om rekruttering, utdanning og kompetanseheving. Regionen sitt utdanningstilbod må innrettast etter næringslivet og det offentlege sine behov.

Analysar viser at dei fleste som tek utdanninga si i fylket blir verande her. Med Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Fagskulen i Førde, i tillegg til fleire vidaregåande skular og folkehøgskule, har vi ein klar fordel i Sunnfjord. Eit godt tilbod av etter- og vidareutdanning kan i tillegg sikre kompetanseheving av eksisterande arbeidskraft.

I dag er det stor mangel på fagutdanna arbeidskraft i bransje etter bransje, både i regionen og i fylket. Rekruttering gjennom ulike lærlingordningar er viktig framover. God rådgjeving og rettleiing til ungdom samt tilgang på fleire lærebedrifter vil bidra til å bygge meir relevant kompetanse.

Høgskulen på Vestlandet har i dag ulike studietilbod i Førde, og eit godt samarbeid med fagskulen. Særleg studietilboda knytt til bygg, it- og ingeniør er sårbare og treng årleg påfyll av nok studentar og tilgang på kvalifisert undervisningspersonale. Næringslivet har spelt ei viktige rolle i etableringa av nye studietilbod på Campus Førde, og vi er avhengige av bidrag frå næringslivet i framtida for å utvikle studietilbodet og sikre rekrutteringa av studentar, og ikkje minst arbeidskraft til lokalt næringsliv. Dette er eit samspel som må fungere i Sunnfjord kommune.

HVL har mål om å bli universitet frå 2023. For å få universitetsstatus for profesjonsutdanningane er det krav til satsing på forskning og utvikling (FoU). HVL og Fagskulen jobbar med ei Campusutvikling i Førde der FoU, innovasjon og entreprenørskap står sentralt. Samarbeidet mellom HVL og fagskulen er unikt og vil bidra til å sikre rekruttering av fleire studentar til dei tekniske utdanningane. Campus Førde Verftet vil også ha eit tilbod som næringslivet kan bruke.

Det er avgjerande at elevane og studentane trivst i Sunnfjord og marknadsfører Førde som ein god studieplass. Då vert tilrettelegging med servicetilbod, studentleilegheiter og aktivitetstilbod viktig arbeid, i tillegg til attraktive studieplassar.

Mål

I Sunnfjord kommune skal næringslivet sitt behov for arbeidskraft med rett kompetanse bli tilfredstilt.

Strategiar

- Samarbeide med næringsliv og offentleg sektor for å rekruttere rett arbeidskraft til regionen
- Vidareutvikle eksisterande utdanningstilbod og utvikle nye tilpassa tilbod i tett dialog med næringsliv og offentleg sektor. Fokus på auka FoU, innovasjon og entreprenørskap.
- Styrke Høgskulen på Vestlandet sin posisjon i Sunnfjord og styrke samhandlinga med fagutdanninga
- Styrke Førde som ettertrakta student- og høgskule by



5. Satsingsområder og strategiar 2019-2022

5.4 Helse og innovasjon

Status

Helse er ein bransje i vekst både her hjå oss og elles i landet. Folk blir eldre, nye folkesjukdommar gir nye pasientgrupper og fleire av tenestene skal løysast utanfor sjukehusa. Behovet for helsetenester aukar og denne utviklinga blir også underbygd i framskriving av folketalet for Sunnfjord. Aldersgruppa over 80 år er den gruppa som aukar mest mot år 2040 med +134%.

I Sunnfjord er helse ei betydeleg og sentral næring med over 3.000 sysselsette. Helse Førde og sentralsjukehuset utgjer den største arbeidsplassen i fylket med omlag 1.700 tilsette.

I tillegg til mange arbeidsplassar og eit sterkt kompetansemiljø, er det og store ringverknader av Helse Førde sin aktivitet i Sunnfjord. Gjennom etablerte innovasjonsmiljø, knopskyting og ikkje minst for handel- og servicenæringa. Det er dagleg tilreisande pasientar som brukar tilboda i Førde, i tillegg til alle som jobbar ved sjukehuset.

På Vie skjer det kvar dag forskning og innovasjon av høg kvalitet som skal forbetre helsetenestene. Det har til no resultert i kommersialisering av fleire forskingsprosjekt, mellom dei Norse Feedback AS. Helse Førde ynskjer å få opp fleire slike forskings- og innovasjonsprosjekt, og det er fleire idear under utvikling.

Fram til no har miljøet på Vie «levd sitt eige liv». I næringslivet er det eit ynskje om å få til meir samhandling og kunnskapsdeling, og at kompetansemiljøet i Helse Førde skal bli ein større del av miljøet i Sunnfjord. Også leiinga i Helse Førde meiner potensialet for knopskyting og auka verdiskaping gjennom eit tettare samarbeid er stort.

Førde sentralsjukehus som den største arbeidsplassen i fylket er viktig, og vil vere viktig i åra framover. I ein ny region og eit nytt fylke er det avgjerande at sjukehuset framleis har funksjon som sentralsjukehus med dei arbeidsoppgåvene det krev. Behovet for helsepersonell kjem til å auke, og rekrutteringa av arbeidskraft med rett kompetanse er ein kritisk faktor vi må løyse i fellesskap. I dette bildet er bustadattraktivitet vesentleg.

Styra i Helse Førde/Helse Vest har vedteke at sjukehuset skal moderniserast og byggast ut, og at nye Førde Sjukehus skal stå ferdig i 2025. I denne prosessen må kommunen vere ein god, effektiv og løysingsorientert tilretteleggjar av areal og nødvendige planverk.

Mål

Sunnfjord kommune skal bidra til å styrke Helse Førde sin posisjon som sentralsjukehus, og legge til rette for auka innovasjon i tråd med statlege føringar.

Strategiar

- Tettare samarbeid mellom Helse Førde og næringslivet for å legge til rette for auka innovasjon, som skal oppretthalde eksisterande arbeidsplassar og skape nye.
- Bidra til å styrke Helse Førde sin posisjon som sentralsjukehus og behalde flest moglege funksjonar. Legge til rette for ynskt utvikling i tråd med Helse Førde sin eigen utviklingsplan for 2018-2035.



5. Satsingsområder og strategiar 2019-2022

5.5 Naturressursar

Status

I Sunnfjord er vi rike på naturressursar. Dette har bidrege til eit variert næringsliv med landbruk, næringsmiddelindustri, energisektor og etter kvart mineral.

Landbruk:

Sunnfjord kommune blir den største landbrukskommunen i Vestland fylke målt i areal. Næringsmiddelindustrien er den største industrien i Sunnfjord (Nortura i Førde) og i fylket (Nordfjord Kjøtt, Gilde, Tine og Lerum, m/fleire) og heilt avhengig av landbruket. Det er ei prioritert oppgåve framover å jobbe for at produksjon og areal vert oppretthalde. Landbruket er ein viktig drivar for andre næringar i vår region, og det er ei viktig oppgåve å synleggjere den betydninga landbruket har i vår region, også for busetnaden i bygdene.

Fornybar Energi:

Det er stor produksjon av fornybar energi i Sunnfjord, i regi av den lokale drivkrafta Sunnfjord Energi. Det er og nye store utbyggingsprosjekt på gang som vil auke verdiskapinga og utnytte meir av ressursane på ein berekraftig måte. Næringa sysselset mange og er ein viktig kompetansearbeidsplass. I tillegg sikrar den verdiskaping for lokale leverandørar gjennom utbyggingsprosjekta, spesielt for bygg/anlegg, tekniske tenester etc. Næringa har og gjeve opphav til fleire spin-off selskap, som Eninvest, Enoro og Tibber,. Det er potensiale for fleire nye etableringar. Med rik tilgang på fornybar energi har framvekst av ny industri og teknologi basert på slik energi eit stort potensiale i Sunnfjord.

Mineral:

På Engebø i Naustdal er det store mineralressursar som gir Sunnfjord potensiale til å utvikle mineralnæringa i vår region, og i heile landet. Heilt sidan 2007 har Nordic Mining jobba med ei industrisatsing som etter planen skal gi 107 direkte arbeidsplassar, og mellom 300 og 500 indirekte arbeidsplassar i bygge- og driftsperioden (Sintef-rapport).

Selskapet skal investere over to milliarder kroner på Engebø og dette gir den lokale leverandørindustrien eit godt grunnlag for utvikling og vekst. Etter planen skal arbeidet starte kring 2020. Det er ei prioritert oppgåve for Sunnfjord Utvikling å legge til rette for prosjektet, sikre mest mogeleg lokal næringsutvikling, infrastruktur, relevante studietilbod og elles jobbe i tråd med vedteken mineralstrategi for Naustdal og Askvoll kommune.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN SUNNFJORD 2019-2022

Mål

Sunnfjord kommune skal utnytte naturressursane på ein berekraftig måte for å skape fleire arbeidsplassar i landbruket, i mineralnæringa og innan fornybar energi

Strategiar

- Styrke vår posisjon som den største landbrukskommunen målt i areal i Vestland fylke
- Legge til rette for fleire etableringar i og med utspring frå energisektoren, med særleg fokus på ny teknologi
- Bidra til ei berekraftig realisering av mineralutvinninga i Engebøfjellet, med fokus på lokal verdiskaping



5. Satsingsområder og strategiar 2019-2022

5.6 Reiseliv

Status

Sunnfjord er ein del av Fjord Norge, den sterkaste reiselivsregionen i Norge.

Fjord Norge slår fast at den raskast veksande turistgruppa i verda i dag er aktivitets- og opplevingsturisme. Altså mindre grupper eller individuelle reisande som vil oppleve meir og betale for skreddarsydde feriar. Slike reiselivstrendar tilseier at det er eit stort potensiale for å vidareutvikle reiselivet som ei større næring i Sunnfjord.

Sunnfjord har naturlege fortrinn som tilgjengeleg natur og tilgjengeleg kultur med korte avstandar til fjell, fjord, bre og vatn. Sunnfjord ligg også sentralt plassert midt mellom store turistattraksjonar i Geiranger, Loen, Flåm og Nærøyfjorden. Geografisk plassering har utvikla Førde til å bli fylkessenteret i Sogn og Fjordane. Geografisk plassering kan og utvikle reiselivet til å bli ei stor næring i Sunnfjord i framtida.

I dag er det fleire lokale aktørar som ønskjer å satse målretta i reiselivet på dei kvalitetane vi har i Sunnfjord. Ikkje masseturisme, men heilårsturisme, high-end-marknaden, matkultur, aktivitetar og opplevingar.

Utfordringa er å utvide sesongen og få på plass fleire aktørar som tilbyr varierte opplevingar til ulike turistgrupper, og koordinere arbeidet med marknadsføringa av våre kvalitetar.

Reiselivsnæringa er også inne i ei tid med store endringar. Rolla til destinasjonsselskapa er under diskusjon. Sunnfjord Utvikling AS er i ferd med å lage ein reiselivsstrategi som skal gi retning for reiselivsarbeidet i vår region framover, organiseringa av arbeidet og klargjere våre kvalitetar og våre utfordringar.

Vår klare ambisjon er å utvikle reiselivsnæringa i Sunnfjord til å bli ei større og viktigare næring. Dette arbeidet vil ta tid, og derfor krev det ein eigen reiselivsstrategi og ei forståing for at næringa er viktig.

Reiselivet betyr ikkje berre turistar og besøkande. Reiselivet er også viktig for dei som bur i Sunnfjord. For attraktiviteten og stoltheita vår. Reiselivet er meir enn natur, det er og arrangement. Derfor blir det også satsa på ein arrangementsstrategi som skal profesjonalisere Sunnfjord som arrangementsstad.

Mål

Reiselivet skal vere ei berekraftig vekstnæring i Sunnfjord kommune, bygd på aktivitetar knytte til kultur og natur.

Strategiar

- Utvikle ein sal- og marknadsstrategi retta mot forbrukar og distribusjonsledd
- Utvikle fysisk og digital infrastruktur for gode gjesteopplevingar
- Legge til rette for ei god organisering, meir samarbeid og møteplassar for næringa




Foto: Atle Lunde

6. Vedlegg - Handlingsplan